

Saksprotokoll

Arkivsak-dok. 26/00089
Saksbehandler Kåre Einar Larsen

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	12.02.2026	11/26

HØYRINGSINNSPEL FRÅ ÅSERAL KOMMUNE

Ny modell for Statnett sine tariffer – oppfølging av konkrete forslag

Formannskapet har behandlet saken i møte 12.02.2026 sak 11/26

Møtebehandling

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke.

Formannskapets vedtak

Åseral kommune legg til grunn at den nye tariffmodellen kan støttast dersom nokre sentrale omsyn blir ivaretekne. Kapasitetsleddet må vere forståeleg og etterprøvbart, ta høgde for ekstraordinære belastningstimar, og ikkje føre til uforholdsmessige kostnader for forbrukarar. Det bør òg liggje ein klar hovudregel om at kapasitetsleddet ikkje overstig 25 prosent av fastleddet.

Når det gjeld industritariffen, må ei trinnvis avkorting byggje på objektive og kontrollerbare kriterium, og eventuelle krav om fleksibilitet må vere realistiske for verksemdene. Åseral kommune meiner at ordninga må fasast inn gradvis og innehalde tydelege unntaksmekanismar for situasjonar der driftsforhold gjer full fleksibilitet vanskeleg.

Kommunen understrekar vidare at produksjonsnært forbruk må få ein tariff som reflekterer lokaliseringssnytte og redusert belastning på nettet. Det er viktig at desse fordelane synleggjerast, slik at industri nær kraftproduksjon ikkje vert stilt dårlegare enn andre.

Det må òg vere tydeleg korleis ansvar og kostnader skal fordelast i balansemarknadene, og kommunen ber om standardiserte vilkår og rettleiing som sikrar at risiko ikkje vert velta over på mindre aktørar. Til slutt peikar Åseral kommune på at tariffmodellen må vere utforma slik at han støttar industri, arbeidsplassar og vidare næringsutvikling i Agder-regionen. Ein rettferdig og føreseieleg tariffmodell er avgjerande for berekraftig utvikling i produksjons- og distriktskommunar.